

Lindås kommune v/ordfører  
Kvernhusmyrane 20,  
5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
26. 10. 2015	
Art. nr:	Løst nr.
15/90	
Bek. nr.	Tilgangskode

25.10.2015

Tillegg til

SØKNAD OM STØNAD OG GARANTI FOR UTARBEIDING AV BYGDEBOK FOR ALVERSUND, dagsett 16. februar 2015.

Me er kjende med at søknaden vil verta vurdert i samband med utarbeiding av budsjett/økonomiplan for Lindås kommune no i haust og ser at det kan vera greitt å koma inn med ei litt meir utfyllande oversikt over økonomien i prosjektet.

I søknaden er det synt til at det ligg føre 3 hovudkjelder for bygdebokarbeidet. Tilsaman utgjer desse fleire årsverk og vil vera av stor verdi i arbeidet. For å finna notidsverdien av dette har me bede vår rådgjevar, Geir Kleiveland, vurdere denne. Det har han gjort slik vedlegget syner og fastset dette til 2 årsverk. Dvs at skulle ein starta frå nytt og sjå bort frå dette vil det måtta setjast av 2 årsverk for å koma opp på det utgangspunktet me har.

Sett inn i eit samla budsjett ser dette då slik ut:

Kostnader:

Utført innsamlingsarbeid til no	2,0 årsverk a`kr. 850.000.-	= kr. 1.700.000.-
Innsamling av oppdateringar/opprettingar og nyare persondata	1,0 årsverk a`kr. 400.000.-	= kr. 400.000.-
Innsamling av foto/redigering	0,5 årsverk a`kr. 500.000.-	= kr. 250.000.-
Redaktør	3,0 årsverk a`kr. 850.000.-	= kr. 2.550.000.-
Trykking av 2000 eksemplar		= kr. 800.000.-
Sum kostnader		= kr. 5.700.000.-

Finansiering:

Eigenandel frå lokalt arbeid med bygdeboka no og tidlegare	= kr. 2.350.000.-
Sal av bygdebok	= kr. 800.000.-
Sum eigenfinansiering	= kr. 3.150.000.-
<u>Trong for stønad frå Lindås kommune</u>	<u>= kr. 2.550.000.-</u>
Sum finansiering	= kr. 5.700.000.-

I tillegg kjem forskottering/garanti i høve sal av boka.

Vonar dette gjev eit klårare bilete av finansieringa av bokprosjektet der eigendelen, tidlegare innsamla materiale og planlagt arbeid i regi av styringsgruppa m/medarbeidarar, utgjer over 50 % av samla kostnad med bygdeboka.

Styringsgruppa for bygdebok for Alversund.

Inge Alver	Lars Kvamme	Jostein Mykletun	Kåre Jordal
(s)	(s)	(s)	(s)

Vedlegg: Uttale frå Geir Kleiveland

## Vurdering av tidsbruk av innsamla materiale til bygdebok for Alversund sokn.

Det er ikkje lett å vurdere kor mange årsverk som er brukt på å samla inn det materialet som kan leggjast til grunn for ei gards- og ættesoge for Alversund sokn. Det einaste eg kan prøva, er å samanlikna med eit tidlegare prosjekt eg sjølv har arbeidt med, Naustdal bygdebok.

Gards- og ættesogedelen i Naustdal vart gjeven ut i to band. Totalt gjekk det med 6 årsverk frå arbeidet byrja til siste boka var ferdig. Av dette kan det påreknast at ca. 5 årsverk gjekk med til å samla inn opplysningar.

Folketalet kan gje eit visst samanlikningsgrunnlag om ein skal prøva å sjå Alversund sokn i høve til Naustdal. Ut frå folketeljningane ser ein at i 1930 utgjorde Alversund ca. 40 % av folketalet i Naustdal. I 1970 var folketalet i Alversund ca. 85 % av Naustdal.

Arbeidet med ættesogene vil alltid krevja mest tid i eit slikt prosjekt. Ut frå folketalet kan ein kanskje anslå at tidsbruken med å samla inn materialet til bygdeboka for Alversund kan tilsvare ca. 3 årsverk.

Eit par moment tilseier at dette kanskje bør reduserast ein del. Dersom ein ser på talet på matrikkelgardar, ser ein at det i Alversund er knapt 20 matrikkelgardar, i Naustdal ca. 90. Dessutan er gards- og ættesoga for Alversund meint å femna tida etter 1814, altså ein noko kortare periode om ein samanliknar med Naustdal. Endeleg tilseier røynsle at eldre innsamla krev ein del kontroll og sjekk, noko som er med og reduserer verdien av materialet.

Desse momenta vil eg tru kortar ned den totale tidsbruken med kanskje så mykje som 1 årsverk. Mitt beste anslag vil då vera at arbeidet med det til no innsamla materialet til bygdeboka for Alversund sokn tilsvare om lag 2 årsverk.

Kleiveland den 25.09.2015.



Geir Kleiveland

Kleiveland  
5281 Valestrandsfossen.  
[geir@kleiveland.as](mailto:geir@kleiveland.as)  
Telefon 97 76 96 36.